

Fotballfesten Spar Cup!!

02.09.2018



Det var bra med folk på plass allereie like etter første avspark.

Heile denne søndagen er det fotballfest på Heio. Det er det årvisse tradisjonsarrangementet Spar Cup som går av stabelen. Dette er like kjekt kvart år både for dei purunge fotballspelarane og for publikum. Eg er sikker på at eliteserierunden i kveld ikkje kan måla seg hverken i underhaldningsverdi eller idrettsglede.



Ruth Maria Myklebust(f.v.), Åsne Hjelmeland Arnesen og Ella Karina Hjønnevåg var blant ungdommene som jobba i kiosken.

Bakgrunnen for namnet Spar Cup er at Spar Uskedalen sponsrar Uskedal idrettslag med ein sum kvart år mot at Spar får profilert seg på cupen og løp. Frå idrettslagshald får vi opplyst at lokalbutikken er ein særskilt god samarbeidspartner og støttespelar.

Då eg var ein kort tur innom Spar Cup like etter at første kampane var sparka i gang kl.10, var det alt mykje folk på plass på Heio.

Kampane føregjekk på 4 banar, og blant spelarane var det mykje flott å sjå. Topp idrettsglede, og for ein del var det aller første fotballkamp. Den gode stemninga smitta også over på publikum. Totalt var det påmeldt 29 lag, og utover dagen skal det til saman avklast 45 kampar. Kvar kamp varer i 20 minutt, og kvart lag får spela minst 3 kampar.



13 år gamle William Hjørnevåg var yngst av dei 8 unge dommarane.

Det er eit stort apparat som skal i sving i samband med arrangementet, både på førehand og sjølve arrangementsdagen. Parkeringsvakter, sekretær- og speakerteneste, dommarar, kakebakarar, kioskpersonale berre for å nemna noko. Kjekt er det å sjå den flotte måten ungdommane bidrar på i arrangementsavviklinga. Dømminga tar 8 ungdommar på 13-16 år seg av. Dermed får dei nytig erfaring samtidig som dei gjer ein svært viktig jobb. Innsatsen til spelarane på J14- og G14-laga kjem og svært godt med. Dei står for salget i kiosken, og gjer ein kjempejobb der. Mykje godt inngår også i utvalget deira. Det er veldig flott å vera vitne til den gode innsatsen ungdommane gjer på sine ulike felt. Utan deira innsats hadde det vore svært, svært vanskeleg å arrangera Spar Cup.

Med lett skyver og 18 grader i lufta, var ein også heldige med veret. Rett nok var det litt sur vind i starten, men denne løya. Det var ein flott dag på Heio, og Spar Cup var også i år den flotte folkefesten det er kvart år første søndagen i september.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.